

Gulldronning, Perledronning

Barnesong etter Solveig Lohne (1931 – 2015) frå Hartveit på Osterøy.

Med løyve til gjengjeving frå «Folkesongar i Hordaland» (Horvei, 1998).

Gull-dron-ning, Per-le-dron-ning høyr no litt på meg; Vil du ve-ra kjær-as-t`n min, og
7 vil du ha ei kå - pa fin av fløy-el og gull av per - ler full.
11 Dit - l - i dut - l - i - dei - a, ___ so - la skin på hei - a.

1. Gulldronning, Perledronning,
høyr no litt på meg;
Vil du vera kjærasten min
og vil du ha ei kåpa fin
av fløyel og gull, av perler full?
Diteli, dutelideia,
sola skin på heia.

2. Gulldronning, Perledronning,
svara ho meg so:
Eg vil`kje vera kjærasten din,
eg vil`kje ha ei kåpa fin
av fløyel og gull, av perler full.
Diteli, dutelideia,
sola skin på heia.

Solveig Lohne (1931-2015)

kom frå Osterøy og var fødd Hartveit. Ho vaks opp i ein heim der gamle tradisjonar stod sterkt. Faren hennar, Sjur Hartveit (1897-1977), restaurerte gamle bygningar og kyrkjer. Han var også med å byggja opp Osterøy museum. Mora, Gerda Hartveit (1898-1987) var svært oppteken av å få på plass ein eigen Osterøy-bunad. Mora var også svært opptatt av song, og innsamlaren Arne Bjørndal var på besøk og intervjuar henne. Solveig flytta heimanfrå som 15-åring. Difor hugsa ho best barnesongane. Dei delte ho ivrig med etterslekta (Horvei, 1998). «Gulldronning, Perledronning» er hennar bidrag til songboka vår. Innsamlar er Turid Spildo Nerdrum, 1992, og den er nedteikna av Einar Mjøltnes, 1997.